



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2020

63. årgang



**REDAKTØR: Kyrkjeverja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591  
[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

**VIPPS:** Brekke: 85357, Gulen: 85358,  
Mjømna: 85360.

**TRYKKERI:**

**ETN Grafisk, 3701 Skien**

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE og MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.  
[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.  
[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093  
Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og  
fredag kl.08.00-12.00.  
[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**  
5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FELLESRÅD:**

**Leiar: Åse Haugen.** Tlf. 48250014.  
[haugenaa@online.no](mailto:haugenaa@online.no)

**Nestleiar: Kåre Sigurd Krakhella**

Tlf. 90075286  
[kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.**

## Redaksjonen

Redaksjonen ønskjer lesarane ei god jul og eit godt nyttår!

Vi veit at vi går lysare tider i møte!

Neste nummer av bladet kjem til påske. Innsendingsfrist: 25. februar.



## Arrangement i kyrkja

Det har denne hausten vore krevjande tider for alle, med ulike tilpassingar ettersom smittesituasjonen endrar seg. I tillegg til dei nasjonale føringane og bransjestandardane må kyrkja følgje lokale retningslinjer og vedtak.

Gulen kommune har valt å leggje seg tett opp til tilrådingane som Bergen og omkringliggjande kommunar har, noko som i ein periode har begrensa antal i kyrkjene heilt ned til 20, unntake gravferder, der vi kunne ha 50. Når dette bladet går i trykken, har kyrkja fått justert opp talet til 50 på alle arrangement i kyrkjene når avstandskrav og øvrige smittevern-tiltak vert holdne. Tilsette og medverkande kjem i tillegg til dette talet. Oppdateringar blir lagde ut på heime-sida fortløpande.

Vi går ut frå at 50 deltagarar er det som vert gjeldande i julehøgtida. Vil likevel oppfordre folk til å møte opp, og det vil mest truleg bli ei form

for påmelding julaftan. Sjekk heimesida/FB for meir info. Elles brukar det vere god plass 1. juledag, så det er eit godt alternativ.

Lat oss hugse på at sjølv om du ikkje kan invitere til stor julefest, vitje naboar eller slekt, så kan du ta ein telefon, sende ei helsing eller møtast digitalt. Denne jula må vi ta vare på kvarandre så ingen er einsame utan kontakt med andre. Og kanskje kan du hjelpe ein ven som ikkje kjem seg til kyrkje, med å få fram juleguds-tenesta vår på nettet? (Sjå s. 5)

God og velsigna julehøgtid!  
*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*

## Josefs advent

*Juleandakt v. prost Helge Taranrød*



*Josefs draum. Mosaikk i dåpskyrkja i Firenze. Maestro della Maddalena, 1300-talet.*

Det må ha vore eit sjokk for Josef å oppdage at hans trulova, Maria, var med barn som ikkje var hans. Eit slikt forhold ville føre skam over han og hans nærmaste familie. Han måtte finne ein veg ut. Ut av forholdet. Ut av farskapet. Skulle han velje å ta hemn? Gjere det kjent for alle?

*Josef var ein rettskaffen mann og ville ikkje føra skam over henne; han sette seg føre å skilje seg frå henne i det stille. (Matt 1, 19)*

Då vakna alle Herrens englar. Det kan ikkje skje! Josef kan ikkje forlate Maria! Han MÅ verte far til dette barnet! Det MÅ fødast i Davids hus! Ein engel frå Herren synte seg for han i ein draum og sa: *Josef, Davids Son! Ver ikkje redd for å ta Maria heim til deg som kona di. Ho skal føda ein son, og du skal gje han namnet Jesus.* (Matt 1, 20-21)

Dei kan vere myndige - englane - når dei gjer ærend for Herren. Josef fekk to oppdrag:

1. Hald deg til Maria.
2. Gje barnet namn.

Alt skal vere ope, ingen ting skal vere hemmeleg. Josef og Maria er eit par. Ingen av dei skal kjenne skam. Hemn er ikkje vegen. Og barnet skal fødast. Med Josef som far. Og verte ein del av Davids hus og ætt. Ein av oss.

Slik gjekk Josef inn i advent. Med skamma teken bort, hemnen lagt til side. Saman med Maria, ventande på eit barn. Og Josef lytta til engelen i sin draum, og gav barnet namnet Jesus. Namnebror med Josva. Den første. Han som førte Guds folk ut av slaveri, angst og død.

Når Jesus var eit lite barn og ikkje kunne snakke, tala englane. Dei flaug opp og ned. Viste seg i draumar. I fleirstemmig lovsong på Betlehems-marka. Når Jesus Kristus no er hos sin himmelske Far, talar englane igjen. Josefs draum er Guds draum:

At alle menneske skal oppdage at det vesle Barnet verkeleg er Messias - den første, som Guds folk venta på.

Englane har det travelt i advents- og juletida. Med å bere Guds draum til oss. Så lat oss stanse opp og lytte til vengeslaga og englesongen.

Velsigna advent og jul!

*I et skur ved Betlehem,  
gjemt i Josefs store trøye  
lå Guds dyrebare ord  
som et nyfødt barn i høyet.  
Og vi ser: Gud er god.  
(Norsk Salmebok 104)*

*Prost Helge Taranrød*



## «Josef og Maria»

Tankar omkring ei gammal julevise, ved Ingrid H. Haveland

- Eg saknar å stå i kyrkjesonggruppa og syngje! Fellesskapet under øving og framføring er det saknet eg kjenner mest på i desse karantenetider. Utan å snakke saman, berre stå i lag og syngje den same teksten er fint, veldig fint. Det kunne eg ha sagt mykje om, men det får bli ein annan gong.

Ingenting er visst meir smittsamt enn å syngje i kor. Milliardar av små smittedropar flyg ut i lufta. Vi får vel vente med korsong til vi er vaksinerte.

Dette er ei gammal Mariavise, opphavleg frå Tyskland, skriven på 1600-talet. Tenk så mange som har sunge den før oss!

*Maria var en møy så ren. Kyrie eleison.  
Maria trådte på torn og sten  
der hun vandret trett imot Betlehem.  
Jesus og Maria.*

*Hva var Marias smerte og trang?  
Kyrie eleison.*

*Hva fylte smerten med himmelsk sang?  
Det var verdens frelser hun bar i fang,  
Jesus og Maria.*

*En engel til Maria kom. Kyrie eleison.  
Hun tvilte ei i sin tro så from  
på Herrens bud i helligdom.  
Jesus og Maria.*

*Da tornen ble en lilje blid.  
Kyrie eleison.*

*Og Marias vandring en himmelsti  
med Jesusbarnet til frelse rik.  
Jesus og Maria.*

- Men har eg laga feil tittel på teksten min? Skulle det ikkje vore «Jesus og Maria», slik det står på slutten av kvar strofe?

Når eg syng denne visa for meg sjølv, syng eg alltid «Josef og Maria». Ved juletider tenkjer eg ofte på Josef. Det står lite om han i Bibelen. Han var eit vanleg menneske, som deg og meg. Den første av oss vanlege menneske som tok til seg bodskapen om Frelsaren. Difor får Josef alltid vere med i denne visa når eg syng henne. Eit heilt vanleg menneske som tok til seg julebodskapen utan å lage så mykje styr om det. «Josef og Maria».

*Ingrid H. Haveland*



## Dåpsklut

Denne dåpskluten er laga av Anne Evjenth Ytreøy, og blei først laga til dåpsborna i Mjømna kyrkje.

Kluten er laga av mjuk flanell, pynta med blonder og blomst.

I desse koronatider er dette eit godt smitteverntiltak, då dåpsborna får med kluten heim.

Desse dåpsklutane blir no tekne i bruk i dei andre sokna også.

Stor takk til Anne for dei fine klutane!

## Ei annleis jul

Vi går i møte med ei annleis jul i år. Korona avgrensar framleis fellesskapet våre, og vi føreset restriksjonar også på julaftan.

Kva restriksjonar og kor omfattande dei vert, veit me ikkje enno.

Vi ynskjer å fylgja dei nasjonale råda, og vert med på tiltaka for å få slutt på denne epidemien.

Vi ynskjer samtidig at flest mogeleg skal få oppleva lokale gudstenester på julaftan.

Det er trass alt kyrkja som ringjer julen inn i bygdene våre.



## Digital julegudsteneste

Kyrkja i Nordhordland prosti har difor, etter initiativ frå prost Helge Taranrød, gått saman om å produsera ei digital julegudsteneste.

Her vil alle sokn representera ein del av gudstenesta.

I tillegg til å møta mange av prestane i Nordhordland, vil vi òg få oppleva fleire av våre kjære kyrkjebygg.

Salmesongen vil lyda med nokre av våre kjære julesalmar, dyktige solistar og organistar vil løfta det musikalske.

– Bli med og syng julen inn!

Det blir inga jul utan ei julepreike, og

I år vil vi prøva å sjå jula med Maria sitt blikk. Lat deg utfordra ....

Kva handlar jula eigentleg om?  
Vi ynskjer og håpar flest mogleg vil få oppleva å ta del i våre vanlege gudstenester rundt om i kyrkjene våre. Men får du ikkje høve til å ta del i år, så vil vi med denne digitale gudsstenesta frå Nordhordland prosti ynskja deg Guds fred.

Du vil finne gudstenesta på heimesida til kyrkja: [www.kyrkjaigulen.no](http://www.kyrkjaigulen.no) og på facebooksida *Kyrkja i Gulen*.

Vel møtt – i kyrkja og på nettet!

*Per Børge Hillestad*

## **Konfirmantar i Brekke kyrkje 06.09.20**



### **Framme frå venstre:**

Mathea Yndesdal, Ida Vågseth Borlaug og Elina Østerbø.

### **Bak frå venstre:**

Øystein Takle, Aleksander Ynnesdal og Lasse Mikal Ellingsen Dyrøy.

## **Konfirmantar i Gulen kyrkje 26.09.20 (foto s. 7)**

### **FOTO ØVST PÅ SIDA:**

#### **Framme frå venstre:**

Maren Daa Eide, Linn Aurora Molde Oppedal, Erlend Dingen Kroghrud, Jenny Emilie Palmer Håvåg og sokneprest Per Børge Hillestad.

#### **Midtre rad frå venstre:**

Odin Villanger Henriksbø, Hans Høie (Mjømna sokn), Grim Haveland og Andreas Nedrebø Styve.

#### **Bak frå venstre:**

Helle Kartveit, Maia Wesenlund Hjønnevåg og Even Molde Randal.

### **FOTO NEDST PÅ SIDA:**

#### **Framme frå venstre:**

Maren Daa Eide, Tuva Linnea Midtbø, Lisabet Vevang Opdal, Sabrina Staneviciute og sokneprest Per Børge Hillestad.

#### **Midtre rad frå venstre:**

Mathias Hatlen Oakman (Frøyset sokn), Daniel Rongved Molland og Håkon Høydal Bøe.

#### **Bak frå venstre:**

Helle Kartveit, Noah Kjelby Asheim, Olai Dyregrov og Håvar Asheim Eide. Natalie Daae Angeltvedt er konfirmert i Frøyset kyrkje.

Vi ønskjer konfirmantane hjarteleg til lukke med dagen og framtida!



# Konfirmantar 2021

## Gulen sokn:

Amund Bruådal Haveland, Hannah Aurora Ruttedal, Alette Leknes, Nora Svaberg, Brage Birkeland Kjelby, Daniel Fanebust, Aron Wergeland Oppedal, Lars-Georg Samuelsen, Andreas Teigen Wangensten.

## Brekke sokn:

Mathilde Håvåg Wergeland, Elena Sætre Vagstad, Olav Horne, Henning Avedal Hjartholm, Espen Oppedal, Vebjørn Hantveit Breidvik, Elias Tveit.

## Mjømna sokn:

Isak August Natås Unneland, Live Areklett.

## Kjære konfirmanter

Jeg vil benytte sjansen i dette julenummeret å få komme med en takk til konfirmantene og deres foresatte.

Jeg har blitt tatt så godt imot som prest i Gulen, at det er mange å takke. Her vil jeg si noen ord til konfirmanlene. Jeg kjenner jeg gleder meg til konfirmanttimene. Jeg kan sitte i boligen min i Eivindvik og glede meg til onsdagskveldene når det er samlinger på Dalsøyra. Det å få oppleve deres ærlighet, deres initiativ, deres spørsmål og deres kreativitet, det inspirerer meg. Det er fra hjertet jeg sier jeg har blitt glad i dere!

Så er det en sorg at Korona har satt noen begrensninger den siste tiden for samvær. Vi fikk ikke ha lysmassen, og vi måtte også avlyse en pizza- og kinokveld i presteboligen. Vi ønsker

imidlertid å følge de nasjonale råd og bli med på dugnaden for å få slutt på denne epidemien.



Jeg vil dere skal vite at jeg tenker på dere med en sånn glede, og det løfter meg opp å tenke på den forrige kvelden vi hadde sammen i presteboligen. Å få se dere lage pizza sammen med Maren var bare en opplevelse. Og filmen «Facing the Giants» tror jeg også betydde noe. Så både håper og tror jeg at utsiktene til mer samvær er større fra januar av. I tillegg til de vanlige samlingene skal vi snart på konfirmantleir. Vi vil også prøve å få tatt igjen kinokvelden som vi mistet på nyåret.

Jeg avslutter denne lille hilsenen med det som er det viktigste for meg i livet mitt: Troen på Jesus som vil oss vel. Jeg vet at julen ikke bare er lett for oss mennesker. Tanker og minner kommer frem, både gode, men også de mer utfordrende. Vi kan også stå i krevende situasjoner. Jeg ber derfor om at Jesus er med oss i Gulen denne julen, både når vi ler og når vi gråter, og enten vi gjør det alene eller vi gjør det sammen. – Takk for at jeg får stå sammen med dere!

Guds fred!

Per Børge

# Julekakemiks



Dette arkivfotoet er frå adventsverkstaden i Brekke i 2008, der folk snikra, klipte og limte, baka, song og åt i lag.

I år måtte verkstaden dessverre avlysst, men gjett om dei kjem sterkare att til neste advent!

I påvente av at koronaen skal sleppe taket, får vi la oss inspirere av dette bakebiletet og gå laus på dei ti kakesortane nedanfor.

Men kva for 10 kakesortar er det? I farten er bokstavane blitt stokka om, og klarer du å finne ut kva slags kaker det er, sender du svaret til redaksjonen og blir med i trekninga av ein liten premie.

## Frist 15. januar. Lykke til!

- 1: RUSSAPRINSIPP
- 2: KARASNEKKE
- 3: RURSTANGMIL
- 4: TEPPEPRENTØR
- 5: MENAKKEN
- 6: NEISERAKKAR
- 7: TJARTOHEKK
- 8: STAURASLEKT
- 9: TJUKKRASER
- 10: SLUSKEPAI



# KIRKENS NØDHJELP

## Kjære kyrkjelydar!

Eit unntaksår nærmar seg slutten, og vi kan berre tenkje oss omstillinga og ekstraarbeidet koronaviruset har ført til for dykk i kyrkjelydane.

Medarbeidarane våre og partnarane våre ute i verda har jobba hardt for å tilpassa aktivitetane. Vi har korona-førebyggande tiltak i 22 land, og er sterkt forplikta til å gjere endå meir. Juleofferet er avgjerande for om vi kan rykke raskt ut i krisene som rammar. Vi veit at denne jula blir annleis, både ute og heime. Jula handlar om barnet som blei født i Midtausten, han som blei vår frelsar for over 2000 år sidan. I dag blir det stadig født barn i unntakstilstand på flukt. Kirkens Nødhjelp er kyrkjelydane sin reiskap for internasjonal diakoni i verda.

*Takk for at de står med oss og gjer dette arbeidet mogleg gjennom juleofferet, særleg no i dei utfordrande tidene vi er inne i.*

I kyrkjene i Gulen kan du gi ei gave til Kirkens Nødhjelp ved desse gudsstenestene:

**Julaftan:** Mjømna, Brekke og Gulen.

**1. juledag:** Gulen kyrkje.

Om koronatiltaka gjer at ikkje så mange som vanleg får møte til gudsstenestene, kan vi likevel gi offeret vårt direkte til Kirkens Nødhjelp. Slik kan du gi årets viktigaste julegave:

- \* VIPPS: Send ein valfri sum til 2426.
- \* Skriv GAVE på sms og send til 2426, dermed gir du 250 kroner.
- \* Gåvekonto, bank: 1594.22.87248.

## Kyrkje- og misjonsdag på Alværa

**laurdag 9. januar 2021 kl. 10-16**

Det er planlagt kyrkje- og misjonsdag også i 2021, trass i at vi framleis må ta omsyn til koronapandemien.

Alværa har store og gode lokalitetar, så vi kan sitje med forsvarleg avstand og følgje smittevernråda elles.

I nærmere 20 år har vi byrja året med ei inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Vi har erfaring med at det å samlast frå eit større område, gir nye idear og eit gjevande fellesskap.

Kyrkje- og misjonsdagen er som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt, eller berre lytte og ta imot. I år vil Geir Sørebø, Ole Agnar Helland og Trygve Toft-Eriksen fra NMS vere med. Temaet er aktuelt og går inn i den situasjonen vi er i, med ein pandemi, og om korleis nye møteplassar gjennom internett kan bli til hjelp i nærmiljøet og i den verdsvide kyrkja. Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget avsluttar med gudsteneste kl. 14.30. Etter gudstenesta er det kaffi og årsmøte for NMS Ytre Sogn. Påmelding til Alværa, tlf. 48990661 eller 91689459 (Toril Lange).

Programmet blir lagt ut på facebook-sidene til Alværa og NMS Bjørgvin.

Slik koronasituasjonen er i dag, set vi eit tak på 40 deltakrar.

Hjarteleg velkommen!

*Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn*

## Mariahelg på Alværa

**5.-7. mars 2021** arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar.

Vi får vi påfyll for trua, samtidig som det er kjekt å komme i lag og ha god tid til samtale og gode historier.

Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen, og ikkje minst nyte god mat.

Temaet er «Berekraft».

Hanne Schnitler frå Førde er hovudinnleiar. Ho er tidlegare drivar av N-butikken «Om att», og har hatt engasjement for miljø og gjenbruk mm i mange år. Ho belyser temaet frå fleire vinklar, og bevisstgjer oss m.a. på bruk og forbruk.

Spørsmål/program: Ta kontakt med

*Hanne Bildøy, Tlf 99610528.*

Epost: [hanne@bildoys.no](mailto:hanne@bildoys.no)



## Hjarteleg takk for minnegåve

Gulen Røde Kors vil rette ein hjarteleg takk for minnegåva på kr 8350,- ved Reidar Hjartholm si gravferd.

## Hjarteleg takk

Vi vil med dette få rette ein stor takk for all omtanke, gode ord og helsingar i ulike former, som vi fekk i samband med vår kjære Øystein Haveland sin bortgang. Vi vil vidare få takke alle som teltok i gravferda, og takke prest Per Børge Hillestad som gjorde stunda i kyrkja så fin som den kunne bli.

*Med venleg helsing Gerd og borna med familiar*

## Ei varm takk

Ei varm takk for all omtanke, deltaking, blomsterhelsingar, kransar og bårebukettar ved Reidar Hjartholm sin bortgang. Takk til prest Per Børge Hillestad for gode ord, og Lisbeth Morken for fin song. Tak og for pengegåver til Gulen Røde Kors.  
*Helsing Laila og familien*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### GULEN SOKN:

**17.10.20:** Alma Tveit Sollesnes.  
For.: Gjertrud Tveit og Torbjørn Sollesnes. Bur i Bergen.

**25.10.20:** Fride Prestegaard Midtun.  
For.: Rolf-Daniel Midtun og Una Prestegaard.

#### BREKKE SOKN:

**15.11.20:** Iver Haugland Instefjord.  
For.: Jon Inge Instefjord og Line Haugland.

**15.11.20:** Tobias Bakke Haugland.  
For.: Jøran Ellingsen Haugland og Anne-Linn Bakke.

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**23.09.20:** Asbjørn Karl Neverdal,  
f. 1945.

**31.10.20:** Ove Bertel Underthun,  
f. 1965.

## Kyrkjekalenderen



**NB!!** Det kan bli endringar i oppsett gudstenestelisten. Følg med i avisar, oppslag og nett: [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no) og facebook: Kyrkja i Gulen.

**24. 12., Julaftan**

- **Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

- **Brekke kyrkje kl. 13.30** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

- **Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**25.12., 1. juledag**  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**26.12., 2. juledag**

**Byrknes bedehuskapell kl. 11.00**  
v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Bymisjon.

**31.12., Nyttårsaftan**

**Brekke kyrkje kl. 23.00.** Midnatts-gudsteneste. Offer: Redd Barna.

- 10.01.**, 2. søndag i openberringstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Changemaker.
- 17.01.**, 3. søndag i openberringstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Misjonær-  
prosjekt i Mali.
- 17.01.**, 3. søndag i openberringstida:  
**Brekke bedehus kl. 15.00** v/Per  
Børge Hillestad. Familiegudsteneste  
m. konfirmantfest. Offer:  
Trusopplæring/ Brekke bedehus. Dåp.
- 24.01.**, 4. søndag i openberringstida:  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Samtalegudsteneste. Offer:  
Kyrkjelydsarbeid.
- 31.01.**, Såmannssøndag:  
**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Søndagsskule-  
 forbundet, Bergen krets.
- 14.02.**, Fastelavnssøndag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/ Per Børge  
Hillestad. Tårnagentar. Offer: NMS.
- 21.02.**, 1. søndag i fastetida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: St. Sunniva  
hospital, kreftavd. Haraldsplass
- 28.02.**, 2. søndag i fastetida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Bibelselskapet.
- 28.02.**, 2. søndag i fastetida  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Bibelselskapet.
- 14.03.**, 4. søndag i fastetida  
**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Misjonær-
- prosjekt i Mali.
- 21.03.**, Maria bodskapsdag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Fjon fjellkyrkje.
- 28.03.**, Palmesøndag  
**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Sygna vgs.
- 01.04.**, Skjærtorsdag  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Blå kors.
- 02.04.**, Langfredag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Ikkje offer.
- 04.04.**, Påskedag  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Changemaker.
- 04.04.**, Påskedag  
**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeid.  
Kveldsmat på bedehuset.
- 05.04.**, 2. påskedag  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/ Per  
Børge Hillestad. Offer:  
Kyrkjelydsarbeidet.
- 11.04.**, 2. søndag i påsketida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Misjonærprosjekt i  
Mali.

## Konfirmasjonsdatoar 2021

**Brekke kyrkje:** 25. april  
**Gulen kyrkje:** 2. mai  
**Mjømna kyrkje:** 9. mai